
Saksnr: 2021/52391-1
Saksbehandlar: Edit Marie Asperanden,

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		16.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		23.11.2021

Handlingsprogram til temaplan Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring

Forslag til innstilling

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram

Samandrag

Handlingsprogrammet til mål og strategidokumentet *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring* bygger på at eleven og lærlingen skal delta i eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring. Eit raust og støttande opplæringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevar og lærlingar vert oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Dette er konkretisert som eit overordna tiltak i handlingsprogrammet for å minna om ansvaret som laget rundt eleven til ei kvar tid har. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Kenth Rune Teigen Måren
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i FT- sak 139/2020 temaplanen Mål og strategiar for vidaregåande opplæring Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring 2021 - 2025.

Vedtaket:

1. Fylkestinget vedtek temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.
2. Fylkestinget vedtek at temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025 skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren.
4. Det skal utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021 - 2025 der tiltak og prosessar er tidfesta og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet skal innehalde konkrete tiltak som sikrar eit likeverdig tilbod i alle delar av fylket. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg

Avdelingsdirektøren følger i denne saka opp vedtakspunkt 4 og har utarbeidd framlegg til handlingsprogram.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har i følgje reglement for folkevalde organ og delegering, vedtakskompetanse i saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegering etter særlov.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaka vil påverke økonomiske prioriteringar innan gitt budsjetttramme gjennom dei definerte tiltaksområda i oppfølginga av mål og strategiar «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Fagleg og sosial utvikling er viktig for elevar og lærlingar sin livskvalitet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi vert klargjort gjennom sektoren sin temaplan «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Saka:

Denne saka har følgjande inndeling:

1. Sektoren sitt føremål
2. Innleiing om handlingsprogrammet
3. Handlingsprogrammet:
 - Arbeidsform
 - Prioriterte tiltak
 - Prosessar internt og mellom nivå
4. Økonomi

Føremål

Auka gjennomføring er sektoren sitt føremål. Styringsverktøyet *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring* set retning for arbeidet:

- Politisk skuleeigar
prioriterer tiltak som set retning og utviklar den vidaregåande opplæringa slik at fleire gjennomfører
- Avdelingsdirektøren
sikrar og støttar arbeidet med å fornye og forbetre vidaregåande opplæring
- Skulane og lærebedriftene
gjennomfører ei opplæring som gjer elevane og lærlingar godt førebudde til vidare utdanning og arbeidsliv, i takt med sterke og raske samfunnsendingar
- Rettleiingstenestene
gir *rettleiing og støtte* slik at fleire elevar og lærlingar gjennomfører
- Elevane og lærlingane
erfarer eit trygt og godt skule- og læringsmiljø som dannar og utdannar

Innleiing

Skulen er i ein endringsprosess for å møte sterke og raske samfunnsendingar. *Meld. St. 28 (2015-16) Fag - Fornyng - Forståelse* omhandlar ei fornyng av innhaldet i opplæringa, *Meld. St. 14 (2019-2020) Kompetansereformen - Lære hele livet* rettar seg mot å tette gapet mellom kva arbeidslivet treng av kompetanse, og den kompetansen arbeidstakarane faktisk har, *Meld. St. 21 Fullføringsreformen - med åpne dører til verden og fremtiden* har mål om at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring. I tillegg er det ute på høyring framlegg til ny opplæringslov som skal vere eit støttande regelverk for endringane.

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland, *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring, 2021 -2025*, er bygd på innhaldet i desse grunnlagsdokumenta og fagfornynginga sitt nye kompetanseomgrep:

Kompetanse er å kunne tileigne seg og nytte kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking.

Eleven og lærlingen skal delta i eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring. Eit raust og støttande opplæringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevar og lærlingar vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Dette er presisert og løfta fram som eit overordna tiltak i handlingsprogrammet fordi kravet om aktivitetsplikta er alle sitt ansvar i laget rundt eleven.

Handlingsprogrammet og aktivitetsplikta skal ligge til grunn for sektoren og skulane sine utviklingsplanar og rullerast i tråd med ei kontinuerleg kvalitetsutvikling. Første rullering er skuleåret 2023-2024.

Involvering

I mandatet til mål og strategiar, PS 1/2020, står det blant anna: «Tilsette, elevar og lærlingar si involvering i arbeidet er ein føresetnad for å gje retning for den vidaregåande opplæringa». I arbeidet med å finne tiltak og prosessar i handlingsprogrammet har avdelingsdirektøren nytta involvering som grunnleggande og bærande prinsipp. Særleg har det vore lagt vekt på elev- og lærlingstemma. Avdelingsdirektøren har, gjennom kontaktpersonane for elevråda, hatt prosessar med elevane på skulane, og lærlingane har vore inviterte saman med opplæringskontora til to innspelsmøter på teams. Dette har gitt gode innspel på kva som er viktige kriterium for trivsel, meistring og læring. I tillegg har det vore lagt opp til innspelsprosessar til handlingsprogrammet på rektormøter. Avdelingsdirektøren har og drøfta tiltak og prosessar i dei ulike seksjonane i avdeling for opplæring og kompetanse.

HANDLINGSPROGRAM - Fornye og forbetre - Auka gjennomføring

1. Arbeidsform

Profesjonsfelleskap

Skulen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin (Overordna del, 2017).

Det viktigaste arbeidet for å auke gjennomføringa er det arbeidet som profesjonsfelleskapet ved den einkilde skule og lærebedrift gjer. Eit profesjonsfelleskap bygd på god dialog, involvering og oppfølging både internt og mellom dei ulike nivå i sektoren, er grunnlaget for å utvikle, fornye og forbetre elevane og lærlingane sitt skule- og arbeidsmiljø.

Implementeringskvalitet

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse legg vekt på implementeringskvalitet i arbeidet med dei ulike tiltaksområda i handlingsprogrammet. Å implementere tiltak inneber å realisere vedtekne tiltak slik at dei blir forankra i verksemda og gir varig effekt.

2. Tiltak

Alle i laget rundt elevane og lærlingane sikrar eit trygt og godt skule- og arbeidsmiljø som er helsefremjande og inkluderande.

Mål	Strategiar	Tiltaksområde	Prosess for å fornye og forbetre
Mål 1 Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø	1.1. Alle elevar og lærlingar er og kjenner seg likeverdige, blir sett og har reell medverknad 1.2. Tillit, respekt og krav er grunnmuren i læringsmiljøet 1.3. Fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar kvalifiserer fleire	Relasjonsbygging God leiing av læringsarbeid	Alle i laget rundt elevane og lærlingane drøftar kva verdiar og prinsipp som skal ligge til grunn for å sikre eit trygt og inkluderande miljø. Profesjonsfelleskapet fornyar og forbetrar prinsipp for leiing av læring som fremjar lærelyst og læringsutbytte.
Mål 2 Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen	2.1. Elevane og lærlingane har gode læringsvilkår og utviklar evnene sine 2.2. Elevane og lærlingane får nødvendig støtte hjå kompetente vaksne	Elevmedverknad Variasjon i undervisninga	Profesjonsfelleskapet samarbeider med elevane om å fornye og forbetre elevaktive undervisnings- og vurderingsformer som skaper meistring, variasjon og trivsel i læringsarbeidet.
Mål 3 Vidaregåande opplæring har god samanheng med	3.1. Elevane og lærlingar har samanheng og tryggleik i alle overgangar	Fleksible og differensierte	Profesjonsfelleskapet nyttar Vestland fylkeskommune sine prinsipp for tilpassa

grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning	3.2. Skule og lærebedrift er likeverdige og gjensidige læringsarenaer	opplærings- og undervisningsordningar Gode overgangar - for tryggleik og rette val	opplæring ¹ i arbeidet med å legge til rette for ulike læringsarenaer og læringsaktivitetar slik at alle får best mogleg utbytte av opplæringa. Sektoren samhandlar og arbeider på ulike nivå for å fornye og forbetre samarbeidet kring overgangar mellom <ul style="list-style-type: none"> - grunnskule og vidaregåande opplæring. - vidaregåande skule og opplæring i bedrift.
Mål 4 Vidaregåande opplæring er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv	4.1. Dei vidaregåande skulane er eit fagleg og sosialt utviklingsmiljø som gir idear rom til å vekse 4.2 Dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde	Skulen sine omgjevnadar blir brukt både som kunnskapskjelde og læringsarena	Samarbeid mellom skule og nærings-, arbeids- og samfunnsliv slik at elevane og lærlingane får utfolde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Økonomi

Handlingsprogrammet sine tiltak er i utgangspunktet dekt av skulane sine rammer gjennom økonomifordelingsmodellen i Vestland fylkeskommune. Arbeidet med tiltaka er i samsvar med dei endringane som Fagfornyninga og Fullføringsreformen legg til grunn; arbeid i eit profesjonsfelleskap som fornyar og forbetre praksis slik at elevane og lærlingane lærer meir og betre. Når fleire elevar fullfører på normert tid, medverkar det til reduserte kostnader for fylkeskommunen.

I [plan for kompetanse- og profesjonsutvikling](#) blir det vist til ulike ordningar som kan støtte dette arbeidet; til dømes lokale kompetanseutviklingsordningar (dekom-ordningane), etterutdanning, vidareutdanning og nettverk for fagleg-pedagogisk utvikling.

¹ Utarbeidd, men ikkje vedteken